

## **Saksprotokoll i fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland - 02.04.2019**

**Jon Askeland (SP)** sette på vegner av alle partia fram slikt fellesforslag:

«Tillegg:

Fylkestrafikksikringsutvalet ønskjer at Vestland fylke set seg høge ambisjonar for godt trafikksikringsarbeid, og tydelege prioriteringar for fylkestrafikksikringsutvalet.

Fylkestrafikksikringsutvalet ber om å få saka om fylkestrafikksikringsutvalet og tilskotsordningar på høyring før den går til fellesnemnda.»

### **Røysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Askeland sitt forslag vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

Administrasjonen legg fram sak til fellesnemnda i juni om retningslinjer for tilskotsordningar i fylkestrafikksikringsutvalet. Saka må opp i fellesnemnda dersom fylkestrafikksikringsutvalet i nye Vestland fylke skal kunne forvalte tilskotsordningane i 2020.

Fylkestrafikksikringsutvalet er meir enn ein forvaltar av tilskotsordningar. Fylkestrafikksikringsutvalet ber difor administrasjonen om å belyse for fellesnemnda nokre av utfordringane på trafikksikringsområdet som fylkestrafikksikringsutvalet har særleg ansvar for. Det gjeld mellom anna:

- Følgje opp vegtrafikklova § 40a om fylket sitt ansvar for trafikksikring
- Følgje opp fylkeskommunen sitt ansvar i Nasjonal tiltaksplan for trafikksikring på veg
- Sikre godt tverrfagleg fagmiljø innan trafikksikring i nye Vestland fylke
- Kompetanseheving i kommunane
- Stimulere til aktivitet i heile fylket

Fylkestrafikksikringsutvalet ønskjer at Vestland fylke set seg høge ambisjonar for godt trafikksikringsarbeid, og tydelege prioriteringar for fylkestrafikksikringsutvalet.

Fylkestrafikksikringsutvalet ber om å få saka om fylkestrafikksikringsutvalet og tilskotsordningar på høyring før den går til fellesnemnda.